



**Vestlendingen -  
finst ho eller han og eventuelt kvar helst?**

**Ein frittstående artikkel om kultur og identitet**

**Ei utgreiing for Vestlandsrådet**

**Georg Arnestad**

**Sogndal, 25. mai 2005**

## *Innhald*

**1 Oppdraget**

**2 ”Urregionen”**

**3 Identitet og regionutgreiingar**

**4 Er regional identitet egentleg særleg viktig?**

**5 ”Identitetsregion” Vestlandet**

**6 Vestlandsidentiteten i dag**

**7 Vestlendingen**

**8 Avslutning**

**Litteratur**

## 1 Oppdraget

Ein frittstående artikkel om kultur og identitet på Vestlandet med tittelen ”Vestlendingen – finst ho/han og kor?”. Slik lyder oppdraget frå Vestlandsrådet, formidla til meg av fylkesrådmann Jan Øhcklers i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Spørsmålet kan høyrest enkelt ut. For naturlegvis finst vestlendingen. Men kor han eller ho finst er verre å svare på. For ikkje å snakke om kven dei er, han og ho. Sjølv er eg heller ikkje den rette til å svare. Dessutan føler eg at spørsmålet kjem eit år for tidleg. Neste år vil det heile vere litt lettare. Då vil nemleg Vestlandets historie ligge føre i tre store bind. Her vil spørsmålet om både Vestlandets og vestlendingens eigenart og ein mogleg vestlandsidentitet verte belyst på ulike måtar av fleire framifrå historikarar og samfunnsforskarar frå Vestlandet. For eit viktig poeng med denne historia ”*er å finne den vestnorske identiteten*”, sa prosjektleiaren for arbeidet med Vestlandets historie, professor Knut Helle, til Stavanger Aftenblad for kort tid sidan (28.4.05).

I denne omgang kan det derfor berre givast nokre ymt til svar. For min del har det også vore nødvendig å omdefinere oppdraget noko. Det har samanheng med det som er sagt ovanfor, og med dei tema og problemstillingar som underteikna primært har arbeidd med og interessert seg for når det gjeld spørsmålet om (vestnorsk) regionalisering. Eg lyt byggje på det eg sjølv kan litt om, og det eg har skrive om tidlegare.<sup>1</sup> Dette må så supplerast med relevant stoff som eg kan hente frå det andre har skrive om identitet, kultur og vestlendingar.

Mykje av dette vil verte utdjupa i det kommande historieverket. Vi kan likevel utan vidare slå fast at det finst så mange slags vestlendingar. Særleg oppsiktsvekkjande er ikkje det. Det finst mange slags nordlendingar også. Vi har òg rimeleg bra innsikt i dei viktigaste skiljelinjene. Vi skal seie meir om dette seinare. Det er likevel likskapane og fellestrekk og, ikkje minst, *kontrasteringa* overfor andre vi er særleg opptekne av.

For det er når vi ser oss i forhold til andre, spesielt når vi måler oss mot Oslo, sjølve hovudstaden, at vi mest føler oss som ”vestlendingar”. Det gjeld bergensarar så vel som nordfjordingar. Til liks med dei som held til i Sunnfjord og Sogn, på Strilalandet, på Voss, i Sunnhordland, på Haugalandet, på Sunnmøre og i Stavanger. Meir i tvil vert vi når vi strekkjer grensene nedover Jæren og nærmar oss Egersund. Og når vi kryssar Romsdalsfjorden og kjem til Molde. Kvar helst er vi då? Framleis på Vestlandet? Kjenner romsdalingane seg som vestlendingar? Identifiserer dei seg med Vestlandet? Nordmøringane gjer det definitivt ikkje. Det veit vi frå mange kjelder. Kvar går grensene for ein mogleg identitetsregion på Vestlandet? Dei følgjer i alle fall ikkje fylkesgrensene. Kanskje er det ikkje ein gong særleg viktig å setje slike grenser?

Og vi må passe oss for ikkje bli oss sjølve nok. For vi veit alle vel, har alle opplevd det sjølve også, at det internt på Vestlandet framleis finst store ulikskapar i veremåte, haldningar, og uttrykksmåtar. Skilnadene går langs mange dimensjonar: Mellom storbyar og omland, mellom storbyane sjølve, mellom kyst- og fjordstrøk, mellom nord og sør, mellom nynorsk- og

---

<sup>1</sup> Eg skreiv for tre år sidan ein rapport for dei fire fylkeskommunane på Vestlandet om ”Kulturregion Vestlandet” (Arnestad 2002). Dessutan var eg ein av fire forfattarar av det såkalla ”Vestlandsmanifestet (2003). Eg har elles halde ein del foredrag om regionalisering, kultur og identitet i eit vestlandsperspektiv, og eg skreiv ein artikkel om ”Sterke regionar – sett ut frå eit identitets- og kulturperspektiv” i boka ”Sterke regioner – forskning og reform”, som kom ut for litt sidan (Arnestad 2005).

riksmålsbrukarar. Skilnadene har lange historiske tradisjonar. Vestlandet er kanskje ikkje så egalitært som vi likar å framstille det når vi skal kontrastere oss overfor andre.

Denne artikkelen skal derfor seie litt både om vestlendingar og om såkalla ”subregionale” identitetar. Med grunnlag i Vestlandet som den mogleg norske ”urregionen”, skal vi sjå nærmare på den rolla kultur og identitet har spelt i det norske regionaliseringsordskiftet. Deretter drøftar artikkelen om regionale identitetar eigentleg har så mykje å seie for at ei regionalisering skal verte vellykka. Det vert så gitt eit oversyn over ulike sider ved den historiske utviklinga av ein mogleg ”identitetsregion” Vestlandet, og ei drøfting av denne identiteten i dag. Avslutningsvis ser vi nærmare på ulike sider ved ”vestlendingen”.

## 2 ”Urregionen”?

”I opphavet fantes det ikke noe ”Vestlandet” og derfor heller ingen ”vestlendinger”. Slik skriv professor Knut Helle i sitt utkast til artikkelen ”Den opphavelige vestlandsregionen” i den vestlands saga som no er under arbeid (Helle 2005). Dei eldste skriftkjeldene fortel berre om folkegrupper som heldt til i delar av Vest-Noreg. Folkegruppene gjekk under namn som ”horder”, ”ryger”, ”møringer”, ”egder”, ”sogninger”. Dei gav namn til områda der dei budde eller fekk namnet sitt frå fjordar og landskap der dei slo seg ned. Eit gryande medvit om ein større vestnorsk region ”kan ikke spores før de forskjellige folkegruppene i landsdelen fikk en felles samfunnsorganisasjon”, skriv Helle vidare. Dette skjedde først frå seint på 800-talet då Vest-Noreg vart lagt under Harald Hårfagre og etterfølgjarane hans, og størsteparten av regionen vart eit eige ting- og lovområde under Gulatinget.

Vestlandet og vestlendingane har såleis ei historie som spenner over meir enn 1.000 år. Men gjennom desse åra har grensene for den geografiske og romlege eininga ”Vestlandet” endra seg mange gonger. Det gjeld så vel funksjonelt og administrativt som i daglegspråket. Det gamle Gulatinget omfatta både Agder og delar av Valdres og Hallingdal. Berre for 100 år sidan hadde t.d. Arendal ei avis som heitte ”Vestlandsposten”, og diktaren Vilhelm Krag, mannen som gav opphavet til regionnemninga Sørlandet<sup>2</sup>, skreiv om lag samtidig si ”Vestlandsvisen”.

Regionaliseringsutgreiaren framfor alle her i landet, professor Tor Selstad, kallar Vestlandet for ”urregionen”. Han knyter dette til det som skjedde på 1800-talet då dei store stiftsamta vart avvikla. Det same skjedde forresten også med fogderia (Selstad 2004, s. 25ff.). Amta, som tilsvarar dei noverande fylka, vart grunneininga i den regionale inndelinga av landet. Avviklinga av stiftsamta medførte det Selstad kallar ”et hull i det administrative systemet – landsdelene forsvant ut”. På same tid skjedde det ei parallell regionalisering som nettopp var retta inn mot landsdelsnivået. Forestillinga om ein region ”Vestlandet” går, i følge Selstad, tilbake til første halvdel av 1800-talet, og er ”slik sett den første regionalisering på tvers av alle amt og stift” (s. 122). Det er på dette grunnlag Selstad nyttar omgrepet ”urregionen” om Vestlandet, og, føyer han til, der er denne regionen som ”sterkest stod i opposisjon til hovedstadsregionen. Så hadde da også Bjørgvin i sin tid vært hovedstad selv”. *Kontrasteringa* har lenge vore viktig for Vestlandet og vestlendingane.

Også i den pågåande Vestlandshistoria skal det leggjast vekt på å sjå Vestlandet som heilskap opp mot andre delar av landet. Dette vil særleg gjelde hovudstadsområdet. For er det ikkje slik, i dag også, at vi kanskje føler oss mest som vestlendingar når vi samanliknar oss med Oslo, med hovudstaden? Det var såleis ikkje tilfeldig at vi som utforma det såkalla

<sup>2</sup> I ein artikkel i Morgenbladet 16. mars 1902

”Vestlandsmanifestet” i 2003<sup>3</sup>, formulerte det slik: ”Målet er å bryte maktkonsentrasjonen i Oslo” (Arnestad mfl. 2003). I det heile har mykje av regionaliseringsdebatten på Vestlandet hatt front mot hovudstaden og sentralmakta der. Ikkje minst gjeld dette på den største samlingsstaden for regionalistane; Vestlandskonferansane til Sparebanken Vest<sup>4</sup>. Her har vestlendingane fylka seg mot hovudstaden, staten og sentralmakta, men desse konferansane har derimot ikkje teke opp, eller ikkje *tord* å ta opp, spørsmåla om interne motsetnader og intern polarisering på Vestlandet.

### **3 Identitet og regionutgreiingar**

Debatten om ein vestlandsregion har i hovudsak dreidd seg om omfordeling av makt, ressursar og pengar. Berre i mindre grad har vestlendingane snakka om og problematisert spørsmåla kring regional historie, identitet og kultur. Spørsmåla har heller ikkje hatt særleg framtrekande plass i regionaliseringsordskiftet elles i landet. Til ein viss grad skuldast kanskje dette at dei mange utgreiingane om nye regionar har vorte utførte hovudsakleg av statsvitarar, økonomar og geografar, som er mest opptekne av ressursar, makt og struktur. Andre samfunnsvitarar, som sosiologar, antropologar o.l. har ikkje engasjert seg særleg i spørsmålet, eller vorte bedne av regionale styresmakter om å lage utgreiingar om ”saka”. Heller ikkje historikarane har vore spesielt ettertrakta. I alle fall ikkje før arbeidet med vestlandshistoria kom i gang. Norske nyregionalistar har i liten grad vore opptekne av å spele på eller prøve å vekke til live moglege regionale tradisjonar og regionale identitetar. Kanskje fordi det i dag ikkje er så viktig?

Den store ”Vestlandsutredningen” (Farsund mfl. 2002) som ligg til grunn for etableringa av Vestlandsrådet, berører ikkje spørsmåla om regional og kulturell identitet, regionalt medvit og vestlandskulturen anna enn heilt skissemessig i innleiingskapitlet. I eit par andre vestlandsutgreiingar er dette derimot noko meir vektlagt. Det gjeld Amdam mfl. si utgreiing frå år 2000 for Kommunal- og regionaldepartementet om ”Framtid for Vestlandet?” (Amdam mfl. 2000). Her vert tilknyttinga til sjøen trekt fram som den faktoren som skaper ei fellesskapskjensle på Vestlandet. Med tilvising til Rokkan vert det også peikt at Vestlandet har utmerka seg som den regionen ”der den kulturelle motstand mot sentraliserende og urbaniserende krefter har vært sterkest og barrierene mot utbredelsen av en klassepolarisert politikk mest virksomme” (Rokkan 1987, s. 156). Dei vestnorske motkulturane vert likeeins trekte fram her. Men desse har også prega og gitt opphav til sterke motsetningsforhold mellom riksmålsbrukande bysamfunn og nynorskbrukande omland på Vestlandet.

I dei tre scenaria som Amdam-utgreiinga presenterer om Vestlandsregionen år 2020, vert det lagt relativt stor vekt på utvikling av kulturelle og identitetsmessige skilje både internt i regionen og mellom Vestlandet og hovudstadsområdet. Ulike vestnorske delidentitetar vert utvikla, og det skjer ei polarisering mellom desse. Det gjeld storbyar og omland, fjord- og kystbygder, Sør- og Nord-Vestlandet. I eit av dei tre scenaria vert det peikt på at det i 2020 er utvikla ein samla vestlandsidentitet utetter i kampen mot Oslo, som vert framstilt som sjølv ”hovudfienden”. I eit av dei andre scenaria er det fjordbygdene i regionen som har utvikla ei sterk polarisering både mot Oslo og Bergen. Mellom linjene kan vi lese at det er ein sterk samanheng mellom *identitet og polarisering*, både internt og utetter. Elles er dette ikkje eit hovudpoeng i utgreiinga, som er mest oppteken av næringsliv og næringsstruktur,

---

<sup>3</sup> Eit manifest for ”region Vestlandet” utforma i samband med dei såkalla Vestlandskonferansane til Sparebanken Vest. Lagt fram på Vestlandskonferansen hausten 2003.

befolkningsutvikling og, sjølvsagt, kommunikasjonar. Kultur og identitet er likevel vektlagt som eit eige punkt i alle dei tre scenaria.

På Vestlandet er det elles, på oppdrag av dei fire fylkeskommunane i regionen, laga ei eiga utgreiing om ”føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion” (Arnestad 2002). Det er, så vidt eg kjenner til, ikkje laga eigne slike ”kulturutgreiingar” for andre delar av landet. Men heller ikkje i denne utgreiinga er spørsmålet om ein vestnorsk identitet eller eit vestnorsk medvit noko hovudtema. Det vert likevel hevda at det er ei aukande interesse for å leite etter og finne fram til det som bind vestlandsregionen saman, og at ein i større grad enn for nokre år sidan kan snakke om ein felles ”vestlandsidentitet”. ”Det regionale medvitet om Vestlandet som region er styrkt” (Arnestad 2002, s. 4). Spørsmåla om kor langt denne identiteten strekkjer seg og korleis han har utvikla seg i lys av den såkalla ”postmoderne” kulturutviklinga, blir også drøfta. Vi kjem tilbake til dette nedanfor. Det vert i tillegg peikt på at regionbygging medfører sterkare fokus på kulturens instrumentelle rolle, og ei samanveving av økonomisk og kulturelle struktur. Utgreiinga er også oppteken av behovet for å utfordre hovudstadens sterke kulturelle hegemoni, og av overføring av makt, oppgåver, ansvar og pengar frå staten til eit nytt vestnorsk regionalt kulturorgan. I hovudsak gjeld dette på godt etablerte kulturområde, som scenekunst og idrett. Utgreiinga har så langt – etter tre år – fått få eller nokon praktiske verknader. Korkje når det gjeld makt- og oppgåvefordeling mellom stat og region eller, og det er kanskje meir overraskande, når det gjeld utvida kultursamarbeid mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. I liten grad har dette vore tema.

I utgreiinga ”*Hvem skal styre i nord?*” (Troms fylkeskommune 2004) er det, merkeleg nok, ingenting å lese om nordnorsk historie, kultur og identitet. Ikkje ein gong i kapitlet som omhandlar kulturområdet. Slik er det også med fleste andre regionale utgreiingar. I all hovudsak dreier dei seg om notidige funksjonelle, administrative og næringsmessige sider ved regionane – i forhold til det nasjonale nivået. Heller ikkje den omfangsrrike innstillinga frå Distriktskommisjonen (NOU 2004:19), som tek til orde for ei ny regiondanning, bryr seg med spørsmålet om regional identitet, kultur og historie.

Tor Selstad sin ”samlerapport” for KS ”*Sterke regioner – Forslag til ny regioninndeling av Norge*” (Selstad 2004), legg derimot noko meir vekt på spørsmåla om regionane si historie eller, rettare sagt, regionaliseringa si historie. Selstad kjem også inn på spørsmåla om ”identitetsregioner” og ”identitetsdannende prosesser” med vekt på utviklinga av mogleg nye landsdelsidentitetar. Han er særleg oppteken av at den identitetsmessige tilknytninga til dei noko diffuse ”landdelene” er klart sterkare enn tilknytninga til fylka. Men Selstad drøftar også identitetsfaktorar og -prosessar innanfor kvar av dei nye regionane han gjer seg til talsmann for. Her er det grunn til å merkje seg at han omtalar ”Østlandet” som landsdelen ”uten landsdelsidentitet” (s. 142). Mens han altså omtalar ”Vestlandet” som sjølvaste ”urregionen”, utan at å gi noko svar på kor sterk vestlandsidentiteten er.

Spørsmålet om identitet har altså spelt ei relativt beskjeden rolle i regionaliseringsstrevet i vårt land dei siste åra, sjølv om det kanskje har vore aukande merksemd kring dette den siste tida. Arbeidet med Vestlandshistoria, som for øvrig ikkje er finansiert av offentlege styresmakter, men av Vestlandets største finansinstitusjon, er eit klart døme på dette. I hovudsak har debatten dreidd seg om ulike sider ved den funksjonelle regionen, om den eksisterande fylkeskommunens forvitring, om maktfordeling og demokratisk, og om to- eller trenivåmodellar for styring av landet. Og dessutan, sjølvsagt, om geografisk inndeling.

#### 4 Er regional identitet egentleg særleg viktig?

Eg har sjølv hevda, seinast i ein artikkel i boka ”Sterke regioner – forskning og reform” (Arnestad 2005), at det i den neste fasen av regionaliseringsordskiftet bør leggjast vekt på ei meir variert tilnærming og breiare deltaking med sterkare vekt på spørsmål kring identitet, historie og kultur. Dette ut frå ei erkjening av mangelen på folkeleg oppslutnad – eller ”begeistring” – kring dei moglege nye regionane. Ein sterk region, sett frå eit identitets- og kulturperspektiv må i størst grad byggjast opp nedanfrå, og den politisk-administrative og funksjonelle regionen bør samsvare med identitetsregionen.

I ein artikkel i same boka hevdar Per Selle at nettopp denne balansen mellom *funksjonalitet* og *identitet/legitimitet* er ei hovudutfordring i regionaliseringsdebatten. Han stiller eit stort spørsmål ved ”kor viktig regional identitet er for at ei regionalisering skal kunna fungera” (Selle 2005, s. 158). Er det viktig, spør Selle, korleis vi oppfattar kven vi er, eller dreier det seg mest om oppbygging av (regionale) institusjonar som er viktige for dei daglege liva våre, og som utfører oppgåvene sine på ein tillitvekkjande måte (legitimitet)? Selle hevdar at mange nyregionalistar er mest opptekne av det første, mens han sjølv hallar mot det siste. ”Eg trur at ei mykje sterk vektlegging på regionalisering som identitetsprosjekt fort kan slå tilbake”, skriv han.

Selle viser her til at det truleg er grenser for kva vi kan bruke historia til i ”den lite historisk orienterte tida vi no lever i”. Relasjonen mellom fortid og notid/framtid er broten eller sterkt svekt. I stadig mindre grad byggjer vi identiteten vår gjennom det som har vore, og gjennom kvar vi bur. Er det mogleg å byggje ny identitet og nye typar av fellesskap ”no når periferien har mista så mykje av den kulturelle krafta si – og samtidig er økonomisk og demografisk svekt?” Selle ”meir enn tvilar” på at det finst ein regional kultur og identitet under overflata, og på at vi har djup nok historie til at ein føler at dette ”gjev rettar, inspirasjon, kjensle av samhold og kollektiv skjebne på tvers av store tidsspenn” (s. 159).

Den historisk baserte lokale og regionale identiteten som spring ut av ei anna tid og eit heilt anna busetnadsmønster og arbeidsliv, har i dag mista mykje av krafta si, hevdar Selle. Og ei identitetsorientering bygd på historisk fellesskap kan (truleg) ikkje gjenskapast. Selle konkluderer med at ”det mest realistiske og produktive for nyregionalismen er å tona ned identitetsargumentet”.

Kanskje er det såleis ikkje tilfeldig at spørsmålet om regional identitet har vore lite vektlagt i den norske regionaliseringsdebatten og i dei mange utgreiingane. Det kan godt hende at regional identitet slett ikkje er avgjerande for at ei norsk nyregionalisering skal verte vellykka.

Selle skriv det ikkje sjølv, men ein del av det han peikar på, knyter seg opp mot det som lausleg vert kalla ein ”postmoderne kulturtilstand”, med global homogenisering og lokal heterogenisering, sterkare individualisering, flytande og endrande identitetar osv. Selle nemner nokre bakgrunnsfaktorar for dette, som nyliberalisme, nyurbanisme, sentralisering og omfattande endringar i næringsliv og busetnad. Globalisering må også nemnast. Det same gjeld dei omfattande endringane i organisasjonslivet som ikkje minst Selle sjølv har påvist. Det er òg ein faktum at haldingane til dei unge i samfunnet i sterk grad fell saman med det moderne i samfunnet: marknadsorientering, aktivitetsorientering og eit pragmatisk forhold til ideologi og prosedyre.

Vi veit likevel ikkje per i dag kva desse omfattande (overflate)endringane har å seie på lenger sikt når det gjeld til dømes vår lokale og regionale tilknytning. Og vi veit heller ikkje heilt kva

som er ”postmoderne snakk” og kva som er empiriske realitetar. At vi står overfor viktige endringar i den kulturelle utviklinga i vid forstand, er det likevel ikkje særleg tvil i. Men vi må passe oss for å overdrive styrken i endringa (jf. Mangset 2001). Og vi må ha med oss at det også finst motbilette: Det norske samfunnet har vel til dømes knapt nokon gong brukt meir midlar på arbeidet med bygdebøker og lokallhistorie. Det kan vere grunn til å stille spørsmål ved Selle sine påstandar om at det i dag skjer, og har skjedd, ei sterk svekking av relasjonen mellom fortid og notid.

Sjølv deler eg ikkje denne oppfatninga om ei betydeleg svekking av all historisk basert lokal og regional identitet. Sjølvsagt er vi inne i ei utvikling der denne identiteten vert endra og skiftar form. Men framleis er det mange teikn i samfunnet både til vilje og evne til lokal og regional mobilisering kring hendingar og ytringar.

Ei anna sak, derimot, er om denne (nye) regionale identiteten, det gjeld for så vidt også den ”gamle”, har særleg mykje å seie for arbeidet med norsk nyregionalisering. Eg vil likevel halde fast ved at sterkare fokus på spørsmåla kring kultur og identitet er viktig, dersom ein ønskjer å skape sterkare *folkeleg* engasjement kring den pågåande nyregionaliseringa. Framleis er det slik at langt frå er noka særleg *begeistring* for regionaliseringsprosjektet. Det gjeld ikkje berre her på Vestlandet, men i alle norske regionar.

Så får vi vente til neste år og sjå kva forskarane bak Vestlandets historie eventuelt kjem fram til når det gjeld spørsmålet om det finst ein eigen vestnorsk identitet, kven vestlendingen er, og kva som eventuelt særmerker han eller henne. Éi av oppgåvene til dei mange forskarane som no arbeider med den store tre-bindssoga, er nettopp å vurdere om det ”gir historisk mening å tale om vestnorsk egenart og en mer eller mindre bevisst identitetskjennele knyttet til Vestlandet som region” (Helle mfl. 2004). Det skal ikkje handle om å utvikle ein ny identitet, men snarare å gå dei historiske røtene nærmare etter i saumane. Eg, for min del, trur at forskarane vil finne ei sterkare identitetskjennele, også i dag, enn det Per Selle med sitt noko pessimistiske syn gir uttrykk for. Her bør det, rett nok, tilføyast at Selle sjølv er ein av dei 30 forskarane som skriv Vestlandets historie.

Men eg trur ikkje at den vestlandske identitetskjennele er særleg til hjelp, kanskje heller det motsette, når, eller om, ein kjem så langt at ein innanfor Vestlandsregionen skal til å fordele makt, ansvar og arbeidsoppgåver mellom dei 3-4 noverande fylkeskommunane som vert del av ein slik mogleg region.

## **5 ”Identitetsregion” Vestlandet**

Vestlandet som *identitetsregion* vart bygd opp då sjøen var viktigaste kommunikasjon, hevdar Amdam (mfl.) i rapporten ”Framtid for Vestlandet” (Amdam mfl. 2000). Om lag same næringsvegar, sams historie, økonomiske tilpassingsmåtar og ein egalitær samfunnsstruktur har òg bygd opp under ein felles ”vestlandsidentitet”, som overbygning over regionale identitetar klart markert med dialektar m.m. (s. 40-41). Dei sterke folkelege motkulturane og motkulturelle rørsleane på Vestlandet vert òg trekte fram. Men desse rørsleane er i dag på sterkt vikande front. Ei rad fråhaldslag, mållag og misjonsforeiningar er blitt borte sidan 1988, og tilveksten har vore skral. Det same gjeld for øvrig også ungdomslaga. Og det er sterkt sviktande medlemsopplutning blant dei laga som held det gåande. ”Dersom denne utviklinga held fram, vil motkulturane, som har vore eit særkjenne ved kulturlivet på Vestlandet, verta tilnærma usynlege i det lokale lagslivet i løpet av få år”, slo Per Selle fast for fem åra sidan. Men i alle fall mållaga har halde stand. Det er betydeleg verre med fråhaldslaga, misjonsforeiningane og ungdomslaga.



Dei nemnde organisasjonane og rørsleane prega lenge ”verdiane” i bygdene på Vestlandet. Men det har til dels vore sterke motsetnader og kulturelle skilje mellom riksmålsbrukande bysamfunn og nynorskbrukande omland. I dag er etter alt å døme desse motsetnadene betydeleg mindre, sjølv om dei enno finst. Dei rurale vestlandsverdiane er svekka. Utviklinga i arbeids- og næringsliv har ført til dette. I dag bur over 60 pst. av dei vel 1,1 mill. innbyggjarane på Vestlandet i storbyregionane Bergen og Stavanger/Sandnes, og nesten 70 pst. i regionar med over 50.000 innbyggjarar.

Identitet vert utvikla gjennom materielle forhold og sosiale strukturar. Her kan ein finne nokre fellestrekk som har særprega utviklinga på Vestlandet – samanlikna til dømes med Austlandet og Trøndelag. Fiskarbonden og mangesysleriet kan vere eitt døme. Fråveret, stort sett, av storgardar og husmannsvesen eit anna. Industrialiseringa eit anna. Vestlandet vart i hovudsak industrialisert gjennom det ein kallar ein ”fransk” modell, der regionale handverkarar og andre aktørar utvikla industri, gjerne med grunnlag i handverk, ut frå regionale behov med regional kapital (jf. Amdam mfl. 2000, s. 41). Entreprenørane var ein del av lokalsamfunnet. Oslofjordområdet vart derimot industrialisert gjennom ein ”engelsk” modell, der regionen blei tilført eit ”nøkkelferdig” industrianlegg og ekspertar utanfrå. Arbeidskrafta vart lært opp til å bruke anlegget, noko som førte til utvikling av lønsmottakarkultur og lite entreprenørskap. Energi, råvarer, marknadsnærleik var grunnlaget for etableringane. Det finst rett nok fleire slike ”engelske” enklavar også på Vestlandet (Sunndal, Årdal, Høyanger, Odda, Sauda), men dei har vore lite integrerte i den lokale og regionale økonomien. I dag er framtida svært uviss for alle desse enklavane, som i si storhetstid var eit uttrykk for moderniteten på Vestlandet.

Denne type materielle og sosiale forhold har bidrege til identitetsdanninga på Vestlandet, og vore med å utvikle meir egalitært prega lokalsamfunn og regionar enn t.d. på Austlandet. Samstundes må vi òg ha med oss religionens makt over delar av Vestlandet (og Sørlandet). Særleg gjeld dette kystbygdene, der lågkyrkjelege rørsler, misjonsforeiningar o.l. har stått sterkt. Dei indre fjordbygdene har vore meir verdslege og liberalt prega. Slik er det, i alle fall delvis, enno.

Amdam peiker på at det skjer store endringar på Vestlandet no. Utfordringane vil vere om ”den sams historiske utviklinga av Vestlandet vil halde fram, eller om det er utviklingstrekk som vil skape radikale endringar” (s. 41).

Det vert peikt på at utviklinga av oljeverksemda langs vestlandskysten (foredlingsanlegg) har endra på den ”engelske” strukturen i industrien dei siste 20 åra. Også annan vestnorsk ”fransk” prega industri har vorte kjøpt opp av utanlandske eigarar. Den sterke urbaniseringa, og veksten i bergens- og stavangerregionen er eit anna forhold. Dette inneber ei betydeleg svekking av dei særmerkte vestlandske verdiane som fråhaldssak, misjonsrørsle, kanskje også målsak. Ølsal i butikkar og etablering av vinmonopol utover i bygdebyane høyrer også med her. Dei kulturelle skilnadene mellom by og land er betydeleg mindre i dag enn for berre eit par tiår sidan. Det betyr likevel ikkje at bygdene på Vestlandet sluttar opp om ytterlegare sentralisering og flytting av verksemdar og funksjonar til dei vestnorske storbyane.

Kvar helst skal ein så trekkje dei ”identitetsmessige” grensene for Vestlandet?

Amdam trekkjer nordgrensa for Vestlandet i dag i Romsdalsfjorden. Han legg då vekt på språk, historie og næringsutvikling. I sør er det òg avgrensingsproblem identitetsmessig. Haugesundsregionen er klart Vestland, medan Stavanger/Sandnes og Jæren (av noko uklåre

grunnar) er meir ”labilt”. Vurdert ut frå dei ”mentale skiljelinjene” og næringsutviklingstradisjon kan ein argumentere for at også Agderfylka er ”Vestland”. Sørlandet er prega av dei same tradisjonelle verdiane som (særleg) kystbygdene på Vestlandet og av ”fransk” industrialisering.

## **6 Vestlandsidentiteten i dag**

Den tradisjonelle ”vestlandsidentiteten” med vekt på dei motkulturane vi nemnde ovanfor, er svekt. Samtidig er det òg slik at den til dels skarpe polariseringa og dei kulturelle skilja mellom bygd og by, periferi og sentrum som ein har hatt på Vestlandet (Stavanger, Bergen, Ålesund), spelar mindre rolle i dag. Det er likevel enno relativt klare språklege og språkleg-kulturelle skilje mellom bygd og by på Vestlandet.

Men i denne samanheng kan det nemnast at dei fire vestlandsfylka alle er formelt definerte av staten som nynorskfylke; dvs. at fleirtalet av kommunane i alle fylka har nynorsk som offisielt språk. Både Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er offisielle nynorskfylke, medan Rogaland er språknøytralt. Språkutviklinga dei seinare åra har gått i retning av ei regionalisering av nynorsken. Han har styrkt si stilling på Vestlandet, likevel med eit klart unntak for omlandet kring dei store byane. Her er framtida for nynorsken svært uviss. På bygdene er derimot stadig meir av den lokale språkbruken nynorsk. Nynorsk er bortimot einerådande også i det lokale næringslivet. I stor grad er nynorsk i ferd med å verte eit vestlandsspråk, medan nynorsken er under til dels sterkt press som nasjonalmål. Moderniseringa av offentleg sektor, sentralisering og – sist – den regionaliserte staten aukar presset mot nynorsken. Den nynorske språkidentiteten er (truleg) styrkt på Vestlandet, men sterkt svekka i resten av landet.

Det er elles slik at innbyggjarane i Sogn og Fjordane og Hordaland stort sett opplever seg som ”vestlendingar”. Dette gjeld også mesteparten av dei som bur i Rogaland og på Sunnmøre. Nordmøringar, derimot, har meir til felles med trønderar, medan Romsdal er i grenselandet mellom aust, vest og Trøndelag. Samanlikna t.d. med fylka på det sentrale Austlandet, som Noralv Veggeland har sett nærmare på (Veggeland 2001), er det ikkje særleg tvil om at dei fire vestlandsfylka har meir til felles både kulturelt og historisk. Men også hos ”oss” finst det konflikhtar mellom by- og bygdekulturar; særleg gjeld dette mellom omlanda og byane Stavanger, Bergen og Ålesund.

I samband med den store vestlandsutgreiinga oppstod det ein diskusjon i Møre og Romsdal, særleg på Sunnmøre, om korleis ein kulturelt og identitetsmessig kan plassere dei ulike delane av dette fylket. Det kom her tydeleg fram at den sunnmørske ”mentaliteten” er knytt sørover. Tradisjon, folkelynne, kultur, næringsstruktur og handel er alle faktorar som peikar i denne retninga. Ei meiningsmåling på Sunnmøre (Sunnmørsposten 12.1.02) viste òg at sju av ti sunnmøringar heller vil gå saman med vestlendingane enn trønderane, dersom Møre og Romsdal skal slåast saman med andre fylke. Det same seier ordførarane i sunnmørskommunane. Det vert derimot hevda at ei klar overvekt av nordmøringane vil orientere seg nordover, medan det, som ofte elles, er uvisst kva romsdalingane vil gjere (historikar Arnljot Løseth til Sunnmørsposten 8.1.02). Identitetsmessig og historisk er såleis dette fylket telt i tre. Uansett kva for regioninndeling som vil skje framover, vil Møre og Romsdal verte kløyvd, om då fylket ikkje kan halde fram slik det er i dag.

Det er særleg Sogn og Fjordane som aktivt har invitert Møre og Romsdal til å vere med i den vestnorske regionaliseringsprosessen, medan Hordaland, og særleg Rogaland, har vore meir reserverte til dette. Så sjølv om sunnmøringen har meir til felles med jærbuen enn med

nordmøringen (Løseth i Sunnmørsposten 8.1.02), så er det, når det kjem til stykket, langt frå Rogaland til Møre. Sogn og Fjordane, som tok på seg meklarrolla her, kan verte eit *nøkkelfylke* når det gjeld å knyte saman dei sørlege og nordlege delane av Vestlandet. Men ”det er på tide at folk i Møre og Romsdal vaknar og startar arbeidet med å orientere seg sørover”, seier Jørgen Amdam, forskaren bak scenarioprojektet om Vestlandet (Sunnmørsposten 11.1.02). Sunnmøringen er ”helt klart vestlending”, seier Løseth, ”og det er derfor meir naturleg å se mot Bergen. Idémessig krasjer han med trønderne” (Sunnmørsposten, nettutgåva 16.5.05). Ei fersk meiningsmåling viser at 63 prosent av sunnmøringane vil sørover og danne ein vestlandsregion. 29 prosent av romsdalingane vil det same, mens berre åtte prosent av nordmøringne kunne tenkje seg ei slik løysing (Sunnmørsposten, nettutgåva 29.3.05).

Kanskje meir enn i noko anna fylket i landet viser diskusjonen om framtida for Møre og Romsdal i det mogleg nye regionaliserte Noreg at identitet spelar ei viktig rolle. I fylkestinget for Møre og Romsdal stemte til dømes alle representantane frå Nordmøre mot handlingsplanen frå Vestlandsrådet under behandlinga av denne i desember 2003. ”Vi er skaptrønderer”, vart det sagt i debatten (jf. Sunnmørsposten 11.12.03). Sunnmøringane, derimot, vil utan tvil vende seg sørover, medan det er uvisst kva ein vil velje i Romsdal. Om det vert slik at ein får velje sjølve då. Eg finn ikkje noko anna ord enn det uklære ”identitet” som forklaring på dei kvasse skilja og klare motsetningane i dette fylket når det gjeld spørsmålet om det framtidige nyregionaliserte Noreg.

Oppsummert kan vi kanskje seie at det truleg finst ei form for ”vestlandsidentitet” som strekkjer seg frå Sunnmøre i nord og sørover til Jæren. Han er likevel ikkje særleg eksplisitt uttrykt, og vert heller ikkje boren oppe av noko form for samlande organ. Vestlandsrådet har så langt framstått som ein relativt usynleg fråsegnsmakar overfor statlege styremakter, utan å klart å samle seg om konkret og forpliktande fylkesovergipande samarbeid. Det gjeld også på kulturfeltet, som denne regionen, som den einaste, har fått særskilt utgreidd. Det mest samlande identitetsskapande organet så langt er kanskje Sparebanken Vest sin Vestlandskonferanse, med utarbeidinga av eit eige Vestlandsmanifest og med Vestlandskonferansen. Stort sett omfattar denne likevel deltakarar berre frå det sentrale Vestlandet, dvs. Hordaland og Sogn og Fjordane. Også på Vestlandet er det som elles i landet: Identiteten er mest knytt til dei lokalsamfunna vi bur og arbeider i. Postmoderniteten har ikkje rokka særleg mykje ved dette. Men dei innbyrdes kulturelle og næringsøkonomiske skilja på Vestlandet har vorte svekka dei seinare åra.

Det går likevel an å mobilisere kring Vestlandet – også i dag. Særleg når det gjeld å markere seg i forhold til hovudstaden. Vi opplever oss kanskje i størst grad som vestlendingar, og også som utkant, når vi definerer oss sjølve i forhold til Oslo og hovudstadsområdet. Dette gjeld på mange felt. Ikkje minst på kultur- og, særleg, kunstfeltet. Denne kjensla, med klare element av polarisering, har vorte styrkt dei seinare åra i tråd med den raske veksten i hovudstadsregionen, og ved at Oslo i aukande grad og på ulike måtar har hevda sitt kulturelle hegemoni, godt hjelpt av dei moderne Oslobaserte media. Den sentrale norske meinings- og ideologiproduksjonen er like sterkt Oslobasert i dag som han var på 1950-talet, sjølv om danning- og opplysningsaspektet er borte.

Utviklinga dei seinare åra i retning av det enkelte kallar ein ”postmoderne” kulturtilstand med global homogenisering og lokal heterogenisering, tiltakande individualisering, meir flytande identitetar osv. (jf. Mangset 2001) har truleg hatt lite å seie for ein mogleg vestlandsidentitet, men har vore eit av mange bidrag til svekking av dei vestlandske motkulturane. Men denne

svekkinga starta alt på 1960 og 1970-talet. I det postmoderne kultursamfunnet er det også mindre polarisering mellom by- og bygdekulturar internt på Vestlandet. Dette talar for at ein i dag i sterkare grad enn tidlegare kan snakke om ein felles vestlandsidentitet med svakare skilje mellom kultur og identitet på bygdene og i byane, Derimot er truleg polariseringa mellom storbyane, særleg Stavanger og Bergen, minst like sterk som tidlegare.

Konklusjonen her samsvarar mykje med det som går fram at Amdam-utgreiinga sine tre scenario om Vestlandsregionen 2020, og kva for kulturelle og strukturelle identitetar som utviklar seg. Sterk front mot Oslo, polarisering mellom Stavanger og Bergen og – i tillegg – veksande skilje mellom bokmålsbrukande og dynamiske byområde og nynorskbrukande bygder. Dette minner om polariseringa mellom by og bygd på 1960-talet, men ”no er dette i stor grad blitt eit klarare skilje mellom kyst og fjord” (Amdam mfl. 2001, s 66). Det er kystdelen av Vestlandet som vil oppleve den sterkaste økonomiske veksten framover. Fjordbygdene vil vere meir prega av stagnasjon. Sidan det økonomiske og befolkningsmessige tyngdepunktet i ein Vestlandsregion vil liggje i aksen Bergen-Stavanger, kan det oppstå klarare identitetsmessige skilje mellom nord og sør i regionen.

I tillegg til våre lokale og lokalt tilknytte identitetar finst det, og vil det finnast, ei rekkje regionale delidentitetar. Korleis desse ytrar seg og utviklar seg framover, synest det naturleg å sjå i samheng med den materielle og økonomiske utviklinga på ulike delar av Vestlandet. Også i 2020 vil det vere slik at ein felles vestlandsidentitet, frå Møre til Stavanger, best vil la seg materialisere når ein skal utfordre hovudstaden og sentralmakta.

Vi bør elles leggje til at dei høgrestyrte storbyane Bergen og Stavanger så langt har vore skeptiske til ein vestlandsregion. Det har med makt, pengar og politisk ideologi, og lite med identitet, å gjere. Men når Møre og Romsdal fylkeskommune er avventande til ein vestlandsregion, er det derimot av heilt openberre identitetsmessige årsaker.

## **7 Vestlendingen**

Det er skrive mykje om ”vestlendingen”. Mange har prøvd å fange *han*, men berre svært sjeldan *henne*, i dikt, i romanar, i petitar, i forskingsrapportar osv. Det finst òg mange døme på folkeleg diagnostisering. Nokre av skildringane er gjort av vestlendingar sjølve. Andre av utanforståande observatørar, både austlendingar og utlendingar. Dei første av desse kjenner vi gjennom beretningar frå hovudsakleg engelske turistar og gjennomreisande alt frå slutten av 1700-talet.

Professor Narve Bjørgo gir i ei første utkastsskisse til kapitlet om ”Vestnorsk identitet i historisk perspektiv” i den kommande vestlandshistoria ein del døme på dei fleste av denne type skildringar. Han skil her grovt mellom tre ulike forklaringsmåtar: Ein med utgangspunkt i natur, naturvilkår og klima, ein med utgangspunkt i fysisk-antropologiske studiar (”kortskallar” og ”langskallar”) og, til sist, den sosialhistoriske eller samfunnsstrukturelle metoden.

Bjørgo hevdar at karakteristikkar av stillstand og avstand til tidsmessig modernitet historisk har prega biletet, særleg sett utanfrå, av Vestlandet og av vestlendingen fram til i dag. Han viser her både til forskarar og forfattarar. Men vestlendingen har også vorte skildra som ”sleip, mistenksam og humørlaus” (Nils Kjær og hans møte med Vestlandsfanden), som prega av ei ”fatalistisk lagnadstru” (Kristian Elster), som ”ledig og frimodig, mindre formelt og mindre standsbundne enn i austnorske bygder” (A. O. Vinje) og som menneske med ”ibuande

disposisjonar for religiøs påverknad” med eit klart skilje mellom folk i ytre og indre vestlandsstrøk (Øidne/Rokkan).

Bjørge sine refleksjonar og konklusjonar om vestlendingen og den vestnorske identiteten vil liggje føre neste år. Han vil leggje mest vekt på 1880-talet og på forholdet mellom *tradisjon* og *modernitet*.

Dette omgrepsparet kan truleg også nyttast til å reflektere meiningsfullt om vestlendingane heilt fram til vår tid. For noko mange av omtalane av vestlendingane ikkje tek med seg, er at Vest-Noreg er og har lenge vore ein utoverretta landsdel med mykje kontakt med og sterke impulsar både frå Storbritannia og Kontinentet, gjennom handel, fiske, sjøfart, industri, skipsbygging, turisme. Samtidig er det grunn til å feste seg ved ein del av dei karakteristikkane som er nemnde ovanfor, og som vi også har vore inne på tidlegare i denne artikkelen. Det gjeld det religiøse sinnelaget og skiljet i veremåte mellom folk i kyst- og fjordbygdene, som alt Eilert Sundt peikte på, og det gjeld dette med sterkare egalitet (enn på Austlandet) som eit kjerneelement i vestnorsk veremåte.

Men få av utanfrå-observatørane synest å peike på det moderne elementet i vestnorsk kultur. Det er grunn til å streke under at dette også har prega mange av dei (engelske) industristadene på Vestlandet. Og at dei som arbeidde i dei store industriverksemdene sjølve har vore heilt klare over den moderniteten dei har representert. Dette er også skildra i den nyaste litteraturen vår, mellom anna av forfattarar som Kjartan Fløgstad, Frode Grytten og, seinast, Lars Ove Seljestad. ”Einsidige industristader har vore symbol på den nye tid”, skriv historikaren Knut Kjelstadli i boka ”Verket og bygda” (1997) om Årdal og aluminiumsindustrien. ”Årdal skulle bli eit laboratorium der grunntrekk i det moderne Etterkrigs-Noreg blei prøvde ut i rein form” (Kjelstadli 1997, s. 55). I same boka trekkjer Erling Læg Reid parallellar mellom årdølene og bergensarar. Begge er ”opne og pratete”. Heilt ulikt den meir formelle bondekulturen som Læg Reid også var ein del av (Læg Reid 1997, s. 291).

Eg kan her ikkje kome særleg lenger enn berre å konstatere at det finst så mange slags vestlendingar, og at det har lite føre seg å prøve ”å rekne ut” statistiske gjennomsnitt eller konstruere ein slags idealvestlending. Det er enklare, vil eg hevde, å konsentrere seg om det ein kan kalle ”subregionale identitetar”. Allmenne generaliseringar dekkjer meir enn dei forklarar. Men vestlendingane er, som andre, prega av dei sosiale og materielle forholda dei har levd og levd under. Ein kan også seie at den varierte naturen har prega og påverka veremåten. Det gjeld havet, sjøen, fjorden og fjellet. Det same gjeld den relativt sterke graden av kontakten med utlandet og utlendingar. Kvar helst disposisjonen for ”religiøs påverknad” kom frå, veit eg ikkje. Det *kan* ha med sjøen å gjere

I vår postmoderne og globaliserte tid vert det truleg færre ”subregionale identitetar”. I aukande grad lyt tradisjonen vike for ulike variantar av moderniteten. Men vestlendingens karaktertrekk, slik dei er skildra av oss sjølve og av dei framande, vil enno lenge hefte ved oss. Framleis vil det vere levande skilje mellom folk frå ytre Sunnfjord og indre Sogn, og mellom ein bergensar og ein stril. Framleis vil eg indresogningar kunne skilje ein årdøl frå ein lustring. På Jæren kan ein skilje ei stavangerjente frå ei jente frå Bryne. Ålesundarar er noko annleis er andre sunnmøringar. Men alle vil vere vestlendingar. Både i eiga og andre si oppfatning. Det er ikkje berre med basis i språklege kjenneteikn at ein kan skilje dei ulike vestlendingane frå kvarandre, eller at vi kan skilje ein vestlending frå ein annan nordmann. Enn så lenge er det også noko, ikkje heilt definerbart rett nok, ved det vi kan kalle *veremåten*

som uttrykkjer noko som vi oppfattar som typisk ”sogning”, ”bergensar”, ”sunnmøring” og – også – ”typisk vestlending”. I alle fall ser dei på oss slik utanfrå.

## 8 Avslutning

Så Vestlandet og vestlendingen finst. Det finst òg ein slags uklår vestlandsidentitet. Men han består, som før, av mange subregionale identitetar. Som truleg er noko svekka og mindre markerte enn dei har vore. Dei flyktige globale og postmoderne utviklingstrekk set også sitt preg på Vestlandet.

Men vestlandsidentiteten og vestlendingen i oss let seg stort sett berre mobilisere og kjem til uttrykk når vi skal måle krefter og ressursar med andre delar av landet. Som tidlegare gjeld dette særleg Osloregionen og sentralmakta. Det finst lange historiske tradisjonar for dette. ”Urregionen” Vestlandet kjem til overflata, i dag kanskje like sterkt som før, når hovudstaden skal utfordrast.

”Urvestlendingen” finn vi helst i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Ingen, korkje vi sjølve eller dei som ser oss utanfrå, er særleg i tvil om at vi er vestlendingar. Det hender likevel at folk lengst nord i Nordfjord identifiserer seg meir mot Sunnmøre enn mot Bergen. Medan sunnmøringen, *om* han (eller ho) lyt velje, men det vil dei helst ikkje, for sin del identifiserer seg sørover mot Bergen, og distanserer seg frå Nordmøre og Trøndelag.

Stavanger og Jæren er også Vestlandet. Historisk, kulturelt og når det gjeld næringsstruktur. Men identitetsmessig er folket her likevel ikkje i same grad knytte til den vestnorske ”urregionen” som vi er det i dei to fylka nordafor. Dette har mellom anna med økonomiske og næringsmessige maktforhold å gjere. Den ekspanderande regionen kring Stavanger, Sandnes og Jæren har vorte meir sjølvmedviten overfor bergensregionen siste 20-30 åra. Det får også konsekvensar for identiteten. Materielle forhold verkar alltid inn på kultur, identitet og fellesskapskjensle. Veremåte og uttrykksmåtar er annleis i ein ekspanderande enn i ein stagnerande økonomi. Det gjeld også lokale og regionale økonomiar.

Regionaliseringsstrevet på Vestlandet dei siste åra har hatt ein klart front mot og ført til auka polarisering overfor hovudstaden og sentralmakta. Verkeleg desentralisering, funksjonsdeling og demokratisering har stått på dagsorden. ”Vestlendingane vil bestemme sjølve”, har det vorte sagt. Kanskje tydelegare enn i andre regionar har ein høglydt utfordra den sentraliserte stats- og hovudstadsmakta. Så langt har ein ikkje klart å gjere noko med dette. Vestlandsrådet har ikkje gjort noko frå eller til. Mens regionalisering og desentralisering av avgjerdsrett og av pengar er bortimot eit folkekrav blant vestlendingane, er skiping av ein ny, stor og mogleg kraftfull vestlandsregion ikkje noko folkekrav.

Kultur og identitet har så langt vorte forholdsvis lite vektlagt i den norske nyregionaliseringa. For min del er eg overtydd om at ei noko sterkare vektlegging av dette er viktig dersom ein ønskjer å mobilisere eit sterkare folkeleg engasjement, for ikkje å seie begeistring, kring ein framtidig vestlandsregion. For hittil er det få som er særleg overtydde om behovet for ei ny sterk regiondanning på Vestlandet. Og dei subregionale identitetane er framleis mykje sterkare enn den felles vestlandsidentiteten.

Eg vil òg åtvare mot den faren som ligg i ei snever og instrumentell utnytting av identitets- og kulturargument i regionaliseringsstrevet på Vestlandet. Regionbygging fører nesten alltid med seg eit sterkare fokus på kulturens (og identitetens) instrumentelle rolle, og ei samanveving av økonomiske og kulturelle strukturar. Eg deler likevel ikkje Per Selle si oppfatning av at all

historisk basert lokal og regional identitet er betydeleg svekka. Men eg er skeptisk til om – instrumentelle – forsøk på å mobilisere denne identiteten som ei slags fane for bygging av ein vestnorsk region, vil vere særleg tenleg. Korkje for ”saka” eller for Vestlandet. Det kan, som Selle seier, fort slå tilbake.

På den andre sida: Kampen om det nye regionale Noreg er også ein kamp om kulturelt hegemoni og symbolsk makt. Kanskje i like stor grad som det er ein politisk og materiell kamp. I denne kampen spelar også kulturelle uttrykk og uttrykksmåtar ei rolle. Eg trur derfor at nyregionalistane og regionbyggjarane kanskje snart bør tenkje litt over musikkens og litteraturens plass i regionaliseringa av Vestlandet. Om det kunne svinge litt meir av den strukturtunge norske nyregionalismen eller om det litterære ordet kunne takast sterkare i bruk, ville det tilført regiondebatten ein ny dimensjon vi så langt har sakna.

Men enn så lenge får vi vente på Vestlandets historie i tre bind.

## **Litteratur**

Amdam, Jørgen mfl. (2000): *Framtid for Vestlandet? Scenario for Vestlandet 2000-2020*. Forskningsrapport nr. 43, Møreforskning/Høgskulen i Volda.

Arnestad, Georg (2002): ”Kulturregion Vestlandet?” *Føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion på Vestlandet*. Rapport 5/02, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Arnestad, Georg (2005): ”Sterke regionar – sett ut frå identitets- og kulturperspektiv”. I Knudsen, J. P. (2005): *Sterke regioner – forskning og reform*. Fagbokforlaget.

Arnestad, G., Nilsen, R., Tryti, A. E., og Vatne, B. (2003): *Det kraftfulle Vestlandet. Eit manifest*. Utgitt av Sparebanken Vest, Bergen.

Bjørge, Narve (2005): *Vestnorsk identitet i historisk perspektiv*. Utkastsskisse til kapittel i Vestlandets historie.

Farsund, A. A., Leknes, E. og Årethun, T. (2002): *Vestlandsutredningen*. Rapport, Rogalandforskning.

Helle, Knut m.fl. (2004): *Vestlandets historie*. Prosjektforslag. Notat.

Helle, Knut (2005): ”Den opphavlige Vestlandsregionen”. Utkastsskisse til kapittel i Vestlandets historie.

Kjelstadli, Knut (1997): ”Lokal internasjonalisme”. I Amdam, R. P., Gjesland, D. og Hompland, A. (1997): *Verket og bygda*. Det Norske Samlaget.

Læg Reid, Steinar (1997): ”Eg burde ha hata Verket”. I Amdam, R. P., Gjesland, D. og Hompland, A. (1997): *Verket og bygda*. Det Norske Samlaget.

Mangset, Per (2001): ”Offentlig kulturpolitikk i utakt?”. I Nordisk *kulturpolitisk tidsskrift nr 1/2001*.

NOU 2004:19 *Livskraftige distrikter og regioner. Rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk*. Utredning fra Distriktskommisjonen.

Rokkan, Stein (1987): "Geografi, religion og samfunnsklasse: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk". I Rokkan, S.: *Stat, nasjon, klasse*. Universitetsforlaget.

Selle, Per (2005): "Styringsreform i sikte. Er regionalisering løysinga?" I Knudsen, J. P. (2005): *Sterke regioner – forskning og reform*. Fagbokforlaget.

Selstad, Tor (2004): *Sterke regioner. Forslag til en ny regioninndeling av Norge*. KOU 2004:1, Kommunenes Sentralforbund.

Troms fylkeskommune (2004). *Hvem skal styre i nord?* Regionaliseringsutvalgets rapport til fylkesrådet i Troms. Tromsø, juni 2004.

Veggeland, Noralv (2001): *Østre Østlandet og den nye regionalismen*. Arbeidsnotat 122/2001, Høgskolen i Lillehammer,